



Arkivnr: 2014/10532-15

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Forslag til kurs i regi av Deloitte

Bakgrunn for saka

Hordaland fylkeskommune valde Deloitte som revisor med verknad frå 1.7.2012. I kontrakten som er inngått går dette fram av vedlegg 1 Kravspesifikasjon punkt 4:

«REVISOR skal leggje fram forslag om, og halde kurs for kontrollutvalet sine medlemmar eller for medarbeidrarar i fylkesadministrasjonen. Tema skal avtalast ved det einskilde høve. Omfang skal reknast til 2 kursdagar per rekneskapsår.»

I tilbodet frå Deloitte punkt 3.2.8 går det også fram m.a. dette:

«Deloitte gjennomfører årleg ei rekke kurs innanfor eit breitt spekter av faglige tema. Desse kursa vil nøkkelpersonar fra fylkeskommunen vederlagsfritt kunne delta på. Slike kurs kan eksempelvis omfatte nyhende innan avgift og rekneskap, aktuelle problemstillingar innan sentrale tenesteområde og/eller tema knytt til dømes til effektivisering, interkommunalt samarbeid, verktøy og metodar.

Deloitte vil også forplikte seg til å setje opp 2 kursdagar per rekneskapsår i tråd med konkurransegrunnlaget. Tema vil avtalast ved det einskilde høve.

Deloitte kan utover dette også halde andre kurs for kontrollutvalet eller fylkeskommunen innan ei rekke tema. Vederlag vil bli avtalt i kvart tilfelle.»

Drøfting

Deloitte har no levert forslag til aktuelle kurs som kan vera aktuelle å halde for kontrollutvalet og/eller administrasjonen i Hordaland fylkeskommune. Oversikten ligg ved. I oversikten går det fram at dei kan tilby kurs innan:

- Samfunnsansvar og korupsjon (vart arrangert slikt kurs hausten 2014)
- Lov om offentlege anskaffingar
- Merverdiavgift og merverdiavgiftskompensasjon

Besøksadresse: Agnes Mowinckelsgt. 5 - Postadresse: Postboks 7900. 5020 Bergen - Telefon 55 23 90 00

Direkte telefon 55239447 – Mobil 97505152 - E-postadresse: Roald.Breistein@hfk.no eller kontrollutvalet@hfk.no

Bankgiro nr. 5201 06 74239 - Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.

- Habilitet (vart arrangert slikt kurs vinter 2015)
- Kontrakts- og leverandøroppgfølging (vart arrangert slikt kurs vår 2015)
- Offentlighetsloven
- Ny kommunelov, når den ligg føre
- Bestilling av forvaltningsrevisjon
- Korleis følgje opp forvaltningsrevisionar på ein god måte?
- Kontrollutvalsboka, aktuelle tema
- Innføring i kommunerekneskap
- Avstemming av rekneskapen
- Pensjon
- Innberetning av løn
- Skillet mellom driftsrekneskapen og investeringsrekneskapen
- Periodisering ved årslutt
- Andre rekneskapsmessige problemstillingar

Er det andre tema kontrollutvalet ønsker å ha kurs innan kan dette diskuterast med Deloitte? Skal ein spørja om fylkesadministrasjonen ønsker å nyta noko av denne kurkveten, i tillegg til at dei blir invitert med på dei kursa kontrollutvalet arrangerar? Det normale til no har vore at slike kurs har hatt ein varighet på 2 timer og dei har vore halde i samband med eit kontrollutvalsmøte.

Konklusjon

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet diskuterer kva kurs dei vil at Deloitte skal gjennomføre utover i 2016. Vidare bør utvalet be sekretariatet ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan 02.05.16
2. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan 31.08.16
3. Kontrollutvalet ber om at Deloitte gjennomfører kurs innan 20.10.16 ev. 17.11.2016
4. Sekretariatet vert beden om å ta seg av alt det praktiske med organisering, kunngjering og avvikling av kursa.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Kurs til kommunar